

Fattigdom = ufridom



PÅ ONSDAG

ODDNY MILJETEIG

er gruppeleiar for SV i bystyret og fast spaltist i BA

Fattigdom i Noreg er mykje godt usynleg. I alle fall på overflata. Vi tenkjer på fattigdom som ikkje å ha pengar til mat, klede og tak over hovudet. Tiggara som vi ser eit fåtal av i Bergens gater, dei er synleg fattige. Dei tiggjar, knelende, sitjande. Den grelle fattigdommen manifesterer seg i knehøgde. Og dei tiggande er ikkje «våre» fattige. Dei er tilreisande fattige.

●● I landet som ofte vert kalla verdens rikaste er fattigdom noko anna enn i Romania, i Hellas, i Spania eller i land utanom Europa. I Noreg er jobb i full stilling mykje godt garantien mot fattigdom. Og vårt sosiale tryggleiksnett med trygdeordningar og sosialhjelp, det verkar. Men det forhindrar ikkje fattigdom. Heller ikkje at familiar kan mangla pengar til mat. Det melder Frelsesarmeen, Robin Hood-huset og Kirkens bymisjon. Og dei kan fattigdommen.

●● Brukar ein EU-norm for å måla fattigdom, finst det 102.000 born av fattige foreldre i Noreg. «Barnefattigdom» er politisk sett den minst stigmatiserte fattigdommen i Noreg. Det er tverrpolitisk semje om at det er uverdigg med barnefattigdom - trur eg. Vi kan ikkje gjera ende på fattigdommen for born utan å gjera ende på fattigdommen for foreldra. Dei vaksne sin økonomi bestemmer om borna lever i fattigdom. Og med det kjem moraliseringa og stigmatiseringa - av dei vaksne og dermed også borna.

●● Professor Kjell Underlid ved Høgskulen i Bergen gav i 2005 ut sitt forskingsarbeid om fattigdomens psykologi. Det er tøft å vera fattig i eit land som for det store gross av oss synest flyta over av kjøpekraft.

●● Fire konkrete utslag av fattigdommen fann Underlid: Dei fattige opplever større utryggleik. Alle han intervjuja, frykta framtida. Dei frykta for borna si framtid og for at dei ikkje skulle greia å etterlata seg noko til dei.



FATTIGDOM: Den synlege ser vi gjennom tiggara. Men kva med den usynlege fattigdommen?

ARKIVFOTO: VIDAR LANGELAND



Dei fattige opplever sosial devaluering, dårleg sjølvbilete, skam.

●● Dei fattige opplever ufridom. Så mykje av vanlege sosiale gjeremål kostar pengar. Å gå i barnebursdagar kostar også pengar. Biblioteket er gratis. Det er ikkje tilfeldig at folket på indre Laksevåg har kjempa i ti år for å få att bibliotekfilialen sin. Like lite tilfeldig er det truleg at Høgre-byrådet i Bergen i dei same ti åra har sagt nei.

●● Dei fattige opplever sosial devaluering, dårleg sjølvbilete, skam. Skam påverkar helse, velferd, rehabilitering og handlekraft, slik Kirstin Egeland nyleg formulerte

det i eit innlegg i Dagsavisen. Likevel vil både Høgre, Venstre og FRP kutta i sjukeløn, i dagpenar og uføretrygd, om vi skal måla etter dei alternative statsbudsjetta dei har lagt fram dei siste åra. Både Høgre og Frp vil kutta overgangsstønaden for einselege forsørgjarar frå tre til eitt år. Det er nådeløst. Overgangsstønaden er så definitivt hjelp til sjølvhjelp, og forskingsinstituttet FAFO har funne at det store fleirtalet går over i arbeid etter avslutta stønadperiode.

●● Høgresida har alltid «jakta» på dei som må leva av sosialhjelp. Unge Høgre sine stunt i skuledebattar og kommunestyre om aktivitetsplikt for sosialhjelp (les: tvangsarbeid) har ein sterk undertone av nedlatande moralisering overfor fattige menneske. Oppeldna vart dei nok då leiaren i vaksenpartiet våren 2012 oppmoda sosialklientar til å skaffa seg eit (arbeids)liv - eller få dagpengesats på 70 kroner dagen. Det var som om vi kunne ana ekkoet av Carl I. Hagen sine utmaningar om latsabbar frå fleire tiår attende...

●● I Bergen har sosialhjelpssatsane vorte reduserte under ti år med høgrestyre. Ikkje kvart år og ikkje

mykje, men reduserte. Og tenk deg at om du skulle ha levd eitt år på sosialhjelp, kunne du ha fått såkalla supplerande sosialhjelp til klede for barnet ditt med kr 300 i halvåret! Du les rett: 300 kr i halvåret. Då vert til og med Fretex sine prisar uoverkomelege - og veggen må gå til Frelsesarmeen si klesutdeling.

●● Sosialhjelpssatsane er kommunale. SV har enno ikkje fått gjennomslag for å innføra såkalla SIFO-satsar (Statens Institutt for Forbruksforskning) som standard sosialhjelpssatsar. Norske kommunestyre passar på å halda sosialhjelpssatsane nede - utan blygsel. Dei skjeglår både til barnetrygd og bidrag når dei måler ut sosialhjelpa, og dei dreg inn dei fattige si kontantstøtte. I Bergen har det såkalla «fritidsaktivitetstilskotet» til born i fattige familiar stått stilt med 3000 kr sidan 2007, og stilt skal det framleis stå, vedtok bystyrefleirtalet i juni i år. Det må ikkje bli «at-traktivt» å vera fattig, må vita!

●● I den raudgrøne regjeringa har SV greidd å bevare barnetrygda som ei universell ordning. Maksimalprisen på barnehagar er også ei universell ordning. Begge kan stå for fall med regjeringskifte. Maks-

prisen på barnehagar (2330 kr) er ei omfordeling til barnefamiliane. Somme kommunar tek no att med ublue SFO-prisar på nivå om lag med barnehageprisane - og med ikkje å inntektsgradera barnehageprisane. Kulturskuleprisane er i mange kommunar så høge at dei ekskluderer born få familiar med dårleg råd. SV har i regjering fått gjennomslag for forsøksordning med gratis SFO. Det er solidarisk og framtidsretta. Vi har ikkje fått gjennomslag for gratis skulemat, noko som verkeleg ville vore eit handslag til borna, og særleg dei fattige blant dei. Men vi gjev ikkje opp kravet, sjølv ikkje no når sperregrensa synest vera vår tøffaste motstandar.

●● Fattigdom er den største ufridom. Fattigdommen utstøyer, den tek framtidsvon og livsglede og skaper utryggleik. Fattigdom er ikkje eit resultat av latskap. Fattigdom er eit resultat av urettvis fordeling og av at sjølv ikkje den norske velferdsstaten har eit godt nok tryggleiksnett. I neste stortingsperiode burde Noreg i alle fall greia å innføra SIFO-satsar og gratis skulemat, som rettviss fordeling - og eit fridomsprosjekt.

Statsministeren



Piddien

Finne fant seg en ny klubb. – At han kunne finne på noe slikt, den fanten...

